

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.11.2018

Jon Askeland (Sp) sette på vegner av utvalet fram slikt fellesforslag:

«Nytt punkt 2:

Fylkesutvalet meiner tiltak for betre framkome på Fv 7 på strekninga Øystese-Granvin er svært naudsynt.

Fylkesutvalet meiner staten må ta eit aktivt medansvar for dette, i og med at krisesituasjonar for framkome i hovudsak vert utløyst av hendingar på/manglar ved og arbeid på E16 Trengereid-Voss.

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til dialog med staten om å bidra til finansiering av tiltak.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Askeland sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber om at tiltak for å betre framkome på Fv 7 på strekninga Øystese – Granvin blir prioritert i samband med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegnettet.
2. Fylkesutvalet meiner tiltak for betre framkome på Fv 7 på strekninga Øystese-Granvin er svært naudsynt.

Fylkesutvalet meiner staten må ta eit aktivt medansvar for dette, i og med at krisesituasjonar for framkome i hovudsak vert utløyst av hendingar på/manglar ved og arbeid på E16 Trengereid-Voss.

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til dialog med staten om å bidra til finansiering av tiltak.